

STIFTINGA G-KULTUR

Årsmelding 2016

1. Styret

Stiftinga G-Kultur har i 2016 hatt følgjande styre:

Styreleiar	Knut Hovslien
Nestleiar/sekretær	Kjell Austin
Kasserar	Lars Ole Ørjasæter
Styremedlemmer	Karen Bleken Gard Espeland Nils Kårfald
1. varamedlem	Marit Hosar
2. - « -	Bengt Arild Morken
3. - « -	Jorunn Bleken

2. Styremøte

Det vart halde fem styremøte.

21. februar, Oslo

Dette var første av to tildelingsmøte i 2016. Til søknadsfristen 1. februar kom det inn i alt 16 søknader, og det vart gjeve stønad til seks prosjekt. Viktige saker elles på møtet var strategi for stiftinga si verksemd 2016-2020, historisk skrift om Gudbrandsdalslaget i Oslo og soluret frå Skjennungstua

18. juni, Oslo

På dette møtet vart det gjort endelege vedtak når det gjeld strategi for verksemda 2016-2020, andre viktige saker var også denne gongen historisk skriftet om Gudbrandsdalslaget og soluret frå Skjennungstua

18. september, Oslo

Dette var andre tildelingsmøte i 2016. Til søknadsfristen 1. september kom det inn 10 søknader, og det vart gjeve stønad til fem prosjekt.

3. Strategi for verksemda 2016-2020

På styremøtet 18. juni vart det vedteke strategi for verksemda til G-Kultur i åra 2016-2010. Hovedelementa i strategien er følgjande:

1. Avvikling av Stiftinga G-Kultur

G-Kultur avsluttar verksemda i 2020, 100 år etter at Gudbrandsdalslaget i Oslo vart stifta (2. februar 1920).

2. Overordna føringar for stønad m.m.

Med avvikling i 2020 kan det leggest opp til følgjande føringar for utdeling av stønad:

- Stønad etter søknad 2016, 2017, 2018 og 2019
- Årets satsing 2016, 2017, 2018, 2019 og 2020

‘Årets satsing’ i 2016 var Tor Jonsson-jubileet, som G-Kultur ga stønad til med 100.000 kr i 2015.

3. Økonomi

Med den nåverande økonomien kan årleg stønad etter søknad 2016-2019 og ‘Årets satsing’ 2017-2020 ligge på tilsaman ca 200.000 kr årleg.

4. Strategiar, stønad etter søknad

- Stønad til maks 10 prosjekt årleg etter søknad.
- Prioritert område for stønad i kvart av åra 2016-2019:
2017: Lokal tradisjonssang- og forteljartradisjon for barn og unge.

5. Årets satsing

- 2016 Tor Jonsson-året.
- 2017 Stønad til manusutvikling med sikte på artiklar til regionale og lokale historiske tidsskrift og publikasjonar.
- 2018 Skrivekonkurrans for unge. Tema: Samfunn og framtid frå dei unge sitt synspunkt. I samarbeid med skolar, bibliotek, kommunale kulturetatar, fylkeskommunen m.m.
- 2019 Ikkje vedteke.
- 2020 Arrangement i samband med 100-årsmarkering for Gudbrandsdalslagt i Oslo.

Strategien kan justerast når styret finn grunnlag for det.

4. Søknadsbehandling

4.1. Stønader

Det kom i 2016 inn i alt 26 søknader om stønad, og det vart gjeve stønad til 11 prosjekt med ein samla stønadssum på 105.000 kr:

- Norsk Litteraturfestival 20.000 kr. til ‘Pegasus, tilbod til barn og unge’.
- Aslaug Høydal 100 år 10.000 kr. til diverse arrangement i samband med ‘Aslaug Høydal 100 år’.
- Ringebu Historielag 5.000 kr. til utstillinga ‘Skolehistoria i Ringebu fram til 1940’.

Lokal kvedargruppe for Norsk Kvedarforum	10.000 kr. til 'Barn i lokal songarv 2016'.
Norges Husflidslag Oppland	5.000 kr. til 'Verkstadtilbod til barn og unge på TREseminaret på Dovre 2016'.
Heidal historielag	5.000 kr. til arrangement i samband med 'Kristian Prestgard – eit 150-årsminne'.
Lesja Historielag	5.000 kr til bokprosjektet «Kakejern/bakstjern».
FIRO	10.000 kr til CD-produksjon.
FolkRekrutt	10.000 kr til kursverksemd for ungdom.
Heidal Amatørteaterlag	15.000 kr til «Fjellfolk», spel om Jo Gjende.
Fåberg Musikkforening	10.000 kr til «Jeg drømte ...», konsert.

5. Andre viktige saker i verksemda i 2016

5.1. Historisk skrift om Gudbrandsdalslaget i Oslo

På styremøtet i G-Kultur 19. april 2015 vart det godkjent kontrakt med Magnhild Bruheim som forfattar/redaktør for historisk skrift om Gudbrandsdalslaget i Oslo. På styremøtet 18. juni 2016 vart det vedteke å velje Merkur Grafisk AS som trykkeri.

Magnhild Bruheim leverte 28. august eit bortimot ferdig manus. På grunn av relativt omfattande arbeid med bildematerialet til boka vart det på styremøtet 18. september vedteke å sette endeleg dato for levering av manus og bilde mm til trykkeriet til over nyttår.

5.2. Soluret frå Skjennungstua

G-Kultur tok 4. januar 2016 kontakt med Gudbrandsdalsmusea med spørsmål om f.eks. eitt av bygdemusea i dalen kunne ha interesse av å overta soluret med tanke på å gje dette ei varig plassering. 14. januar kom attendemelding om at Gudbrandsdalsmusea ser det som ei interessant oppgåve å ta over soluret og at ei naturleg plassering da ville vere Dale-Gudbrands Gard og tilknytt Gudbrandsdalsmusea si drift på garden. Dale-Gudbrands gard er ein kulturplass med rik historie og dagleg drift. Tilsyn og vedlikehald vil vera enklare der det er dagleg drift. Denne meldinga vart bekrefta 23. mai om at Gudbrandsdalsmusea tek i mot gava frå Stiftinga G-Kultur. Soluret vil då få ein varig plass på Dale-Gudbrands Gard med tilhøyrande plakett.

På styremøtet i G-Kultur 18. juni vart det gjort vedtak om forslag til avtale om overtaking, som vart oversendt Gudbrandsdalsmusea.

Soluret vart levert på Tveit Smie på Hundorp i juli, som tok på seg oppdraget med renovering/oppussinggave. De-Gudbrands Gard. Dette arbeidet var ferdig i byrjinga av september, og soluret vart deretter plassert til foreløpig lagring på Dale-Gudbrands Gard.

5.3. Informasjonsarbeid

Det vart sendt ut pressemelding i samband med styremøta til avisene og dei kommunale kulturkontora og biblioteka i Lillehammer og Gudbrandsdalen. Styret har registrert at pressemeldingar jevnleg har kome inn i nokre av avisene, men det er ikkje gjort nærare forsøk på kartlegging av det totale omfanget.

18. august vart det sendt ut melding til tidlegare stønadsmottakarar om korleis dei har fått informasjon om stønadsordninga og om dei meinte at det er gjort nok for marknadsføre ordninga. Det kom attendemelding frå seks stønadsmottakarar, i all hovudsak positive. Frå og med søknadsfristen 1. september 2016 vart det lagt inn eit eige punkt i det elektroniske søknadsskjemaet om korleis ein har fått informasjon om Stiftinga G-Kultur og stønads-moglegheitene.

6. Økonomi

Det var for 2016 vedteke eit budsjett på 474.000 kr, der hovedpostane var 150.000 kr til stønadsutdeling og 175.000 kr til historieskriftet om Gudbrandsdalslaget i Oslo (budsjettpost overført frå 2015). Tildelte stønader utgjer 105.000 kr, utbetalt honorar i samband med historieskriftet var 118.750 kr, og honorar til medlemmene av AU var 20.000 kr. Totalt har det i 2016 vorte brukt færre midlar enn avsett. Pr. 31. desember 2016 hadde G-Kultur 1.098.191 kr. på konto i Sparebank 1 Lom og Skjåk.

Styret i Stiftinga G-Kultur 2016

Oslo, 19. februar 2017

Knut Hovslien
styreleiar

Kjell Austin
nestleiar/sekretær

Lars Ole Ørjasæter
kasserar

Karen Bleken
styremedlem

Gard Espeland
styremedlem

Nils Kårfald
styremedlem